




Giske marine verneområde

Forslag til vern - høyringsdokument august 2024



Forord

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har utarbeidd forslag til vern av Giske marine verneområde.

Verneforslaget blir lagt fram med heimel i naturmangfaldlova (nml.) § 39, og blir sendt på høyring i samsvar med sakshandsamingsreglane i nml. § 43, jf. også rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova.

Etter høyring vil Statsforvaltaren summere opp innkomne merknader og gjere eventuelle endringar i verneforslaget før vi sender vår tilråding til Miljødirektoratet.

Saksgangen for vern etter naturmangfaldlova er gjort nærare greie for i høyringsdokumentet.

Molde, august 2024

Innhald

Forord	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Lovgrunnlag.....	4
1.3 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15	5
1.4 Organisering av arbeidet.....	7
1.5 Framtidig forvaltning.....	7
1.6 Erstatning	7
2 Verneplanområdet i dag	8
2.1 Områdeskildring – generelt	8
2.2 Naturverdiar.....	8
2.3 Andre miljøverdiar	21
2.4 Arealbruk/brukarinteresser	22
3 Forslag til marint verneområde i Giske	27
3.1 Verneformål.....	27
3.2 Avgrensing av Giske marine verneområde	27
3.3 Avgrensing av soner med særlege restriksjonar.....	30
3.4 Verneforskrift Giske marine verneområde	44
4 Verknader av verneplanen	45
4.1 Verknader for naturmiljø.....	45
4.2 Verknader for fiskeri	45
4.3 Verknader for kulturmiljø	46
4.4 Verknader for friluftsliv	46
4.5 Verknader for utnytting av tareressursane	46
4.6 Verknader for akvakultur	49
4.7 Verknader for skjelsand- og mineralutnytting.....	49
4.8 Verknader for reiseliv	50
4.9 Verknader for energiproduksjon.....	50
4.10 Verknader for samferdsel m.m.....	50
5 Samla vurdering og forslag.....	51
6. Referansar	53
7. Vedlegg.....	53

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som mål å ta vare på det biologiske mangfaldet og bruke biologiske ressursar på ein berekraftig og rettferdig måte. På partsmøtet under konvensjonen hausten 2010 vart landa einige om nye mål for 2020, mellom anna Aichi-mål 11 om å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 prosent av verdens kyst- og havområde. FN sine berekraftsmål samsvarar også med dette. På partsmøtet i desember 2022, vart det semje om eit nytt globalt rammeverk, Kunming-Montreal rammeverket, og nye mål, mellom anna at 30 prosent av verdens hav skal vernast eller bevarast.

Rådgivande utval for marine verneområde (Brattegard-utvalet) vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995 (1). Rådgivande utval for marin verneplan (Skjoldal-utvalet) vart oppnemnt i 2001 og la då fram ei bruttoliste over moglege kandidat område til marin verneplan. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding (2) med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004 (3). Ei rad område er etter dette verna i samsvar med verneplanen og føringane i Stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet*, og fleire område er under handsaming.

Klima- og miljødepartementet bad i april 2017 Miljødirektoratet vidareføre arbeidet med marint vern for sju nye område (4). Mellom desse var Giske, Griphølen og Remman i Møre og Romsdal. Miljødirektoratet gav Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Statsforvaltaren) i oppdrag å starte opp arbeidet med desse tre områda same månad (4).

I Stortingsmelding 29 (2020-2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* sa regjeringa at marin verneplan frå 2004 skal halde fram. Marint vern etter naturmangfaldlova skal bidra til at eit utval av representative, særsegne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tekne vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk marin natur.

I Stortingsmelding 21 (2023-24) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene*, er det vist til at Stortinget ved oppmodingsvedtak i 2021 har bedt regjeringa oppfylle målet om 10 prosent vern av kyst- og havområde innan 2030. I meldinga kjem det også fram at regjeringa vil vektlegge bevaring og restaurering av marin vegetasjon og område med karbonrike sediment i det vidare arbeidet med marint vern.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomfører det praktiske arbeidet med verneplanen for marint vern ved Giske. Miljødirektoratet er fagleg ansvarleg for arbeidet.

1.2 Lovgrunnlag

Marine verneområde blir oppretta med heimel i § 39 i naturmangfaldlova:

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter. Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- c) representerer en bestemt type natur,*
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*

- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller
- g) g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.

Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.

1.3 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15


Klima- og miljødepartementet har fastsett eit eige rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfoldlova [Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven \(§§ 41 - 43\) - regjeringen.no](#). Rundskrivet utfyller reglane som følgjer av §§ 41-43 i lova. Sakshandsamingsprosessen er skjematisk framstilt i figur 1.

Det skal ikkje lagast konsekvensutgreiing for marint vern ved Giske. Området foreslått som marint vern er på om lag 68,4 km², og grensa for krav om konsekvensutgreiing av naturvernområde er 250 km², jf. forskrift om konsekvensutredninger. Verknader vil likevel bli utgreia gjennom den ordinære verneplanprosessen, som følgjer sakshandsamingsreglane i T-2/15, og i samsvar med utgreiingsinstruksen.

Prosessen legg opp til to opne høyringsfasar der alle har høve til å gi innspel og merknader.

1. Oppstartsfase. Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) meldte om oppstart av verneplanarbeidet 15. mars 2019. Oppstart blei annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar, med seks veker frist for å komme med skriftlege innspel. Det blei arrangert ope informasjonsmøte 13. mai 2019. Det kom inn 13 innspel til verneplanarbeidet. Desse er summert opp og kommentert i eit eige merknadshefte (vedlegg 3).
2. Høyring av verneframlegg. Statsforvaltaren legg eit forslag til vern med kartavgrensing, verneføresegn og høyringsdokument ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar. Frist for innspel er minst åtte veker. Det blir arrangert ope informasjonsmøte i løpet av høyringsperioden.

I tillegg til dei to opne fasane er det i figur 1 sett opp at det er høve til å komme med innspel til verneframlegget til Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet fram mot at saka blir slutthandsama i regjeringa ved Kongen i statsråd.



Figur 1. Sakshandsamingsprosessen for områdevern etter naturvernlova, jf. rundskriv T-2/15 frå Klima- og miljødepartementet. Merk at Fylkesmannen endra namn til Statsforvaltaren i 2021.

1.4 Organisering av arbeidet

Statsforvaltaren har hatt bistand frå forvaltning og viktige organisasjonar og aktørar. Kjernen av samarbeidspartar har vore Giske kommune, Fiskeridirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, IFF (tidlegare Dupont Nutrition Norge AS), Møre og Romsdal fiskarlag/lokale fiskarlag og Sjømat Norge.

Referat frå alle møte er samla på Statsforvaltaren sine nettsider: statsforvalteren.no/mr – vidare Fagområde – Miljø og klima – Verneområde – Marine verneområde. I tillegg har vi hatt fagleg kontakt med Havforskningsinstituttet og Miljødirektoratet.

1.5 Framtidig forvaltning

Etter vedtak av Kongen i statsråd vil Miljødirektoratet fastsette kven som skal vere forvaltningsmyndigheit for Giske marine verneområde (mvo). Verneområde i Norge blir forvalta av Statsforvaltaren, kommunar eller nasjonalpark-/verneområdestyre. I tråd med oppdragsbrev 08.09.14 frå Klima- og miljødepartementet, blir forvaltningsmynde for mindre verneområde i første omgang tilbydd til den aktuelle kommunen, med unntak for verneområde som grensar inntil område som i dag blir forvalta av nasjonalparkstyre eller verne-områdestyre. Tilbodet omfattar heller ikkje verneområde som strekkjer seg over fleire kommunar.

Det kan vidare oppnemnast eit rådgjevande utval for forvaltninga. Utvalet kan bestå av representantar for ulike brukargrupper, grunneigarar, næringsrepresentantar og offentlege etatar.

Det skal utarbeidast forvaltningsplan for Giske marine verneområde. Ein forvaltningsplan er ein plan for å forvalte verneområdet. Verneforskrifta gir dei juridiske reglane for eit verneområde og fastset restriksjonsnivået. Ein forvaltningsplan gir utfyllande retningslinjer om forvaltning, tilrettelegging og skjøtsel og bidrar til å beskrive den praktiske betydninga av forskrifta.

Ein forvaltningsplan skal:

- presisere og utdjupe verneformålet og vernereglane i verneforskrifta
- gi retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området
- fastsette rutinar for saksbehandling etter verneforskrifta
- definere mål for vernet og synleggjere aktuelle tiltak ved å:
 - gi bevaringsmål for naturtypar
 - fastsette langsiktige, heilskaplege og strategiske mål for å styrke verneformålet, f.eks. om skjøtsel og besøksforvaltning
 - bestemme tiltak for å nå måla og summere dei opp i en tiltaksplan

1.6 Erstatning

Reglane om erstatning for økonomisk tap ved oppretting går fram av naturmangfaldlova §§ 50 og 51. Etter § 50 første ledd har ein eigar eller rettshavar i eigedom, som heilt eller delvis blir verna som marint verneområde, rett til erstatning for økonomisk tap når vernet gjer det vanskeleg å fortsette den igangverande bruken. For bruk som treng løyve frå offentlege myndigheiter, gjeld retten til erstatning berre viss løyve er gitt før det er gjort kunngjering etter naturmangfaldlova § 42.

2 Verneplanområdet i dag

2.1 Områdeskildring – generelt

Området som det vart meldt oppstart for var på om lag 73 km², og ligg vest av øyane Giske, Valderøya og Vigra i Giske kommune. Ålesund by ligg sør for Valderhaugfjorden. Sjøområdet er kjenneteikna av store grunnområde. Giske og Vigra er flate øyer som tidlegare var sjøbotn, og har difor store og gode landbruksareal. På Vigra ligg Ålesund lufthavn Vigra. Forslag til avgrensing av området er nærare omtalt i kapittel 3.2



Figur 2. Djupnekart over området.

2.2 Naturverdiar

Naturverdiane ved Giske er godt skildra i materialet som ligg til grunn for Rådgivande utval for marin verneplan si tilråding 30. juni 2004 (1,2,3). Omtalen av naturverdiane i områda er difor i stor grad henta frå utvalet sine rapportar. I tillegg er det vist resultatata frå nyare kartleggingar av marine naturtypar og marin grunnkartlegging. Statsforvaltaren har også engasjert Akvaplan-niva (5) til å summere opp kjent kunnskap om naturverdiane. På enkelte område går Akvaplan-niva meir detaljert inn på omtalen av t.d. sjøfugl og enkeltregistreringar av naturtyperlokaltetar enn vi finn rom for her. Vi har valt å bruke egne illustrasjonar og kart dei fleste stader.

2.2.1 Giske – spesielle grunnvassområde (Rådgivande utval)

Giske er tatt med i marin verneplan som representant for spesielle grunnvassområde langs kysten saman med Kråkvågsvaet-Grandefjæra-Bjugnfjorden i Trøndelag. Dei er mellom få område i Sør-Noreg med store areal med sand og mudderbotn, og representerer spesielle naturtypar som har avgrensa førekomst nasjonalt, men er meir vanlig i denne landsdelen.

Generelle kjenneteikn:

Grunne områder med bløtbunn (mudder, leire, sand) har et stort antall arter, gjerne nedgravd, og slike områder kan ha høy produksjon i vannmassene. Bløtbunnsområdene utgjør viktige beiteområder både for fugl, oter og fisk. (...). Områdene er produktive og er derfor viktige for sjøfugl. Selv om områdene er lite undersøkt biologisk må de forventes å ha en rik flora og fauna representativ for disse naturtypene.



Figur 3. Flyfoto av Giske sett frå vest. Valderøya i bakkant, sørleg del av Vigra i venstre bildekant. (Fotograf Øivind Leren)

Spesiell omtale:

Området Giske er et gruntvassområde som ligger like vest for Ålesund i Møre og Romsdal. Dette er et av de få områdene i Sør-Norge med store grunne arealer med sand- og mudderbunn. Det omfatter de grunne områdene vest for øyene Vigra og Giske. Giskerevet strekker seg som et grunt parti fra langgrunne tidevannsområder nord og vest for Giske nordvestover mot øya Erkna. Her består bunnen av sand, skjellsand og stein. Mellom Giskerevet og Vigra går det en dypere renne (20-46 m) innover mot Valderøya. Her er det i hovedsak sandbunn med noe mudder i de dypeste og innerste delene. På sør- og vestsiden av Vigra er det langgrunne tidevannsområder særlig i Vikebukta, Synnesvågen og Rørvikvågen. Utenfor Rørvikvågen er det et avgrenset dypere parti (33 m) med sandbunn. Rundt dette er det gruntområder (<10 m) med vekslende bunnforhold med sand, grus, stein og fjell.

Det er godt utviklet tareskog i deler av området, i hovedsak i dybdeintervallet fra ca. 2-15 m. Dette gjelder ytre (vestlige) del av Giskerevet mot Erkna og områdene vest for Vigra. Den marine faunaen er ikke godt undersøkt, men består av et rikt mangfold av arter karakteristisk for grunne områder med

sand, grus, stein og fjell. Dette omfatter gravende former (bl.a. mange arter av skjell) på sandbunn og fastsittende former på stein og fjell. Tareskogen er habitat for en rekke ulike fastsittende og mobile arter.

Verneverdiar oppsummert:

Verneverdiene (...) er knyttet til de spesielle geologiske og hydrodynamiske forholdene som har skapt og som er med å opprettholde naturtypene i disse spesielle gruntvannsområdene. Dette gjelder bunnen og de fysiske kreftene med strøm og bølger som hele tiden påvirker bunnen, samt plante- og dyrelivet som lever på og i bunnen.

Giske er et spesielt gruntvannsområde med store tidevannsarealer og grunne partier med sandbunn og skjellsand. Verneverdien er knyttet til de spesielle bunnforholdene og det rike og produktive plante- og dyrelivet representativ for naturtypene i området.

2.2.2 Kartlegging av marine naturtypar

NIVA, HI og NGU har gjennomført kartlegging og modellering av marine naturtypar i Møre og Romsdal, jf. Miljødirektoratet si handbok *DN-håndbok 19-2007* ([Kartlegging av marint biologisk mangfold - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)). Datasetta vart tilgjengeleg i Naturbase ([Naturbase kart \(miljodirektoratet.no\)](#)) i mai 2020. Merk at skjelsand og blautbotn mange stader overlappar med tareskog, og får ein mellombrun og mellomraud farge som ikkje viser i teiknforklaringa. Dette synleggjer at større tareskogfigurar innehar ein mosaikk med lommer av skjelsand og blautbotn der det ikkje veks tare.

I det følgjande gir vi ei nærare generell omtale av naturverdiane knytt til naturtypane tareskog, blautbotn og skjelsand. Teksten i kursiv er utdrag frå *DN-håndbok 19-2007 Kartlegging av marint biologisk mangfold*.

Nærare omtale av naturverdiane knytt til tareskog


Kvifor er naturtypen viktig?

Tareskogen har en vid utbredelse og står for en betydelig produksjon av organisk materiale. Arealet av tare utenfor kysten er anslått å være omtrent like stort som arealet av dyrket mark i Norge. Tareskogen har en grunnleggende betydning for det assosierte plante- og dyresamfunnet. Det er et yngle- og oppvekstområde, gjemmeded og beiteplass for fisk. Bløtdyrene og krepsdyrene i tareskogen er viktige som næringsdyr for fisk, krabbe og hummer. Noen fuglearter benytter også tareskogen som matfat. Mangfoldet i skogen er svært stort; mange fastsittende alger og dyr vokser på stilkene og festeorganene mens frittlevende dyr finnes på stilkene, festeorganene og i algene som vokser på tarestilken.

Spesielle artar:

Fauna: *En rekke dyregrupper kan være tilknyttet tareskogen. Disse er tanglus, tanglopper, andre krepsdyr, børstemark, snegl, nakensnegl, muslinger, mosdyr og svamper, og disse er igjen føde for større dyr og fisk. Tettheten av små invertebrater er beregnet til å være over 120.000 pr m², fordelt på over 200 arter. Tareskogen brukes som næringsøk-område av flere sjøfuglarter, for eksempel ærfugl, havelle og skarv.*

Flora: *Butare dominerer vanligvis i de øverste meterne på de mest eksponerte lokalitetene, av og til sammen med fingertare. Stortare utgjør nærmere 90 % av all tarebiomasse i Norge og finnes helst nedenfor butaresonen, av og til sammen med draughtare (*Saccorhiza polyschides*) og sukkertare når man kommer inn på mer beskyttede lokaliteter. Stortare har størst forekomst på de mest eksponerte lokaliteter i ytre skjærgård. Sukkertare er begrenset til mer beskyttede områder. I tareskogen kan 40-50 andre algearter vokse på tarestilken, og under de store algene kan det være en undervegetasjon av mindre tråd-, blad- og buskaktige alger.*



Figur 4. Modelleringar av marine naturtypar i område aktuelt for marint vern (kjelde: NIVA). Merk at det er ein del overlapp.

Truslar/sårbarheit:

Taretråling kan ha en betydelig innvirkning på plante- og dyrelivet i og ved tareskog. Tareskogens struktur og alderssammensetning endres etter høsting til å bli mer ensartet, men tareskog er en betydelig fornybar ressurs. Rundt 4 år etter høsting kan den opprinnelige biomassen være restituert. Hastigheten på gjenveksten vil variere langs en nord-sør gradient pga. ulike lys- og temperaturpåvirkning. Hastighet på rekolonisering av assosierte plante- og dyregrupper vil variere med andel høstet tare, artenes spredningsevne, eksponeringsgradienter, samt lys og temperatur. Sannsynligvis vil det ta hele 8 år (Midt-Norge) før området igjen når et klimakssamfunn.

Nærare omtale av naturverdiane knytt til blautbotn

Kvifor er naturtypen viktig?

Bløtbunnsområder utgjør viktige beiteområder for fugl og fisk. Bløtbunns arter er i hovedsak stasjonære og påvirkes av faktorer direkte på de stedene de befinner seg. Bentiske samfunn (samfunn knytt til sjøbotnen) kan dermed brukes som et miljøarkiv for status og endringer i det marine miljø. Endringer i artsdiversitet kan brukes til å påvise forurensningseffekter av punktkilder og i forbindelse med klimatiske endringer. I Norge omfattes ca. 18 bløtbunnsområder i strandsonen av Ramsar konvensjonen for våtmarksområder. Dette innebærer at områdene står på konvensjonens liste over internasjonalt viktig våtmarksområder. Norske bløtbunnstrender er viktige for trekkende vadefugler

Spesielle artar:

Fauna: Fjæremark (*Arenicola marina*), sandmusling (*Mya arenaria*), knivskjell (*Solenidae*), hjertemusling (*Cerastoderma edule*), pelikanfotsnegl (*Aporrhais pespelecani*), tårnsnegl (*Turritella communis*), sjøstjerner (f.eks. *Astropecten irregularis*), slangestjerner (*Ophiuroidea*), sjøpinnsvin

(*Spatangoida*) og flyndrer. Det har vært observert at sil har ligget igjen på land under fjære sjø. Vadere, ender og sjøfugl bruker naturtypen til næringssøk, spesielt under trekk.

Flora: Det finnes ikke store fastsittende alger i slike områder og plantesamfunnet domineres av diatomeer (kiselalger), dinoflagellater og blågrønnalger. Løstliggende matter av grønnalger kan forekomme. Under lavvannsmerket kan ålegrasenger forekomme.

Truslar/sårbarheit:

Inngrep som oppmudring, hindring av vanngjennomstrømningen ved bygging av moloer og fylling av gruntvannsområdene vil endre produktiviteten i området. Enkelte av disse områdene kan også benyttes som sand- og grusuttak.

Nærare omtale av naturverdiane knytt til skjellsand

Kvifor er naturtypen viktig?

Skjellsand er et habitat som ofte er rikt på bløtbunnsfauna, og fungerer som gyte- og oppvekstområder for flere fiskearter. Dessuten benytter større krepsdyr skjellsandbankene til parringsplasser og ved skallskifte, i tillegg til at de finner matgrunnlag her. Skjellsand regnes som en ikke fornybar ressurs innenfor overskuelige tidsrammer.

Spesielle artar

Fauna: Mangebørstemark, snegler, muslinger, krepsdyr pigghuder, småfisk.

Flora: Løsrevne tareplanter, mindre buskformete alger.

Truslar/sårbarheit

Uttak av skjellsand og endring av strømforholdene regnes som de største truslene.

2.2.3 Marin grunnkartlegging pilotområde Giske og Ålesund


Giske og Ålesund har vore eitt av tre pilotområde for marin grunnkartlegging, sjå meir informasjon på <https://www.kartverket.no/geodataarbeid/marine-grunnkart-i-kystsonen>. Kartleggingane gir viktig informasjon om djupneforhold, botntype og ulike forvaltningsprioriterte naturtypar. Av dei naturtypane som ikkje inngår i kartlegging av marine naturtypar i kap. 2.2.2 følger ein kort omtale av dei mest relevante datasetta.

Botnsediment (kornstorleik) og djupnekartleggingar

Kartet i figur 5 viser botntypen i dei øvste 10-15 cm av havbotnen, og dermed kva for levande organismar ein kan vente å finne på og i botnen. Kartet dannar eit av dei viktigaste grunnlagsdatasetta for modellering av naturtypar etter NiN (Natur i Norge) [Natur i Norge 3.0 - Natur i Norge \(artsdatabanken.no\)](#).

Djupneforholda i figur 6 er kartlagt med ekkolodd, og blir brukt til utarbeiding av terrengmodell og skyggerelieff. Høgare oppløysing enn 50 meter er gradert. I figur 6 er vist ein kombinert farge- og skyggemodell av området i foreslått Giske marine verneområde.

Det er særleg dei store, flate grunnområda mellom Giske og Erkna og innover Synesvikane som peikar seg ut som karakteristiske for området.




Figur 5. Botsediment (kornstorleik) i foreslått Giske marine verneområde (kjelde: NGU).



Figur 6. Kombinert farge- og skyggemodell av djupneforholda innanfor området det vart meldt oppstart for (kjelde: Statens kartverk).

Sjøfjærbotn

Havforskningsinstituttet har modellert sannsynet (frå 0 til 1) for å finne den forvaltnings-prioriterte naturtypen sjøfjærbotn. Denne naturtypen er vanleg i Noreg, men vi har inter-nasjonale forplikningar som følgje av OSPAR- og BERN-konvensjonen for å ta vare på sjøfjærbotn. Kartet i figur 7 viser at det er eit stort område i Synesvikane mellom Giske, Valderøya og Vigra med naturtypen. Videobservasjonar stadfestar modelleringa.



Figur 7. Modellering av sannsynleg sjøfjærbotn i foreslått Giske marine verneområde (kjelde: Havforskningsinstituttet).




Figur 8. Liten piperenser, foto: Magnus Tornes



Figur 9 Vanlig sjøfjær, foto: Mareano/Havforskningsinstituttet

Svampehage

Havforskningsinstituttet har modellert sannsynet (frå 0 til 1) for å finne den forvaltnings-prioriterte naturtypen svampehage. Dette er nøkkelhabitat med viktige økologiske og biologiske funksjonar, på lik linje med korallrev. I slike habitat samlar store fisk, fiskeyngel og andre smådyr seg for å finne mat, men òg for å gøyme seg for predatorar. Svampesamfunn er i dag lista som sårbare og trua habitat under OSPAR-konvensjonen. Innanfor foreslått Giske marine verneområde er det generelt mindre sannsynleg å finne naturtypen svampehage, med unntak av dei djupaste områda.




Figur 10. Modellering av sannsynleg svampehage i foreslått Giske marine verneområde (kjelde: Havforskningsinstituttet).



Figur 11 Svampehage (ikkje frå Giske), foto: Mareano/Havforskningsinstituttet

Tarebiomasse modellert

Havforskningsinstituttet (HI) har utvikla ein biomassemodell for tareskog på grunnlag av dei detaljerte botnkarta frå marin grunnkartlegging i pilotområde Ålesund og Giske. Korrelasjonen mellom modellen og uavhengige data er på 0,85.




Figur 12. Modellert tarebiomasse i området (kjelde: Havforskningsinstituttet).



Figur 13. Stortare, foto: Magnus Tornes


2.2.4 Artsregistreringar (Artskart og Naturbase)

Fuglar står i ei særstilling når det gjeld artsregistreringar i området. Av 12 700 enkeltobservasjonar av raudlista artar knytt til Giske, Valderøya og Vigra i Artskart er 12 200 fugleobservasjonar, ein prosentdel på 96 %. Tar vi med observasjonar av artar med livskraftige bestandar er det registrert 48 000 enkeltobservasjonar, og av dei utgjer fuglar 71 % og karplantar 12 %. Observasjonane registrert i Artskart er presentert i figur 14. Det er viktig å ha i mente at tala uttrykker større interesse for fugleobservasjonar, og at plantar sjeldnare blir registrert på nytt når dei først er registrert på ein veksestad.



Figur 14. Enkeltobservasjonar av artar i området, raudlistestatus vist i ramme (kjelde Artskart)

Naturbase har registrert økologiske funksjonsområder for artar av nasjonal forvaltningsinteresse, jf. utsnitt i figur 15. Dei konkrete registreringane som ligg til grunn for funksjonsområda er vist i tabell 1. Områda er namnsett med områdenamna registrert i Naturbase, og kan avvike frå gjeldande skrivemåte. Område for hjortevilt viser i kartet, men er ikkje tatt med i tabell 1, sidan det ikkje er relevant.



Figur 15. Økologiske funksjonsområde - artar (brun skravur) henta frå Naturbase

Tabell 1. Oversikt over økologiske funksjonsområde registrert i Naturbase, jf. figur 15.

	Områdenamn	Artar/artsgruppe	Funksjon	Årstid	Verdi
1	Langholmen	Ærfugl	Myting	Sommar	Viktig
		Gråmåke	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Svartbak	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Teist	Yngling	Vår/sommar	Viktig
2	Molnesfjellet	Havhest	Yngling	Vår/sommar	Viktig
3	Rørvikvågen	Andefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Andefuglar	Rasting	Heile året	Viktig
		Andefuglar	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
4	Roaldsand	Andefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
5	Erkna	Havhest	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Toppskarv	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Ærfugl	Myting	Sommar	Registrert
		Sjørre	Beiting	Sommar	Registrert
		Tjeld	Yngling	Vår/sommar	Registrert
		Småspove	Rasting	Vår/sommar	Registrert
		Storspove	Rasting	Vår/sommar	Registrert
		Fiskemåke	Yngling	Vår/sommar	Registrert

Giske marine verneområde - høyringsdokument

		Sildemåke	Yngling	Vår/sommar	Registrert
		Gråmåke	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Svartbak	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Teist	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Ravn	Yngling	Vår/sommar	Viktig
6	Røssvikvågen	Andefuglar	Beiting	Vår/haust/vinter	Registrert
		Andefuglar	Rasting	Vår/haust/vinter	Registrert
7	Blindheimsmyrane	Andefuglar	Yngling	Vår/sommar	Registrert
8	Synnesvågen	Andefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Andefuglar	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Yngling	Vår/sommar	Viktig
9	Blindheimsvika vest	Andefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
10	Blindheimsvika ffo	Andefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Andefuglar	Rasting	Heile året	Viktig
		Andefuglar	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Vade-, måke- og alkefuglar	Rasting	Heile året	Viktig
11	Rørvikvatnet	Andefuglar	Rasting	Vår/sommar/haust	Viktig
		Andefuglar	Yngling	Vår/sommar	Viktig
12	Gjøgesund	Andefuglar	Beiting	Vår/haust/vinter	Registrert
		Andefuglar	Rasting	Vår/haust/vinter	Registrert
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Registrert
13	Olmanvika	Andefuglar	Beiting	Vår/haust/vinter	Registrert
		Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Vår/haust/vinter	Registrert
14	Alnesrauden*	Ærfugl	Myting	Sommar	Viktig
		Tjeld	Yngling	Vår/sommar	Registrert
		Svartbak	Yngling	Vår/sommar	Registrert
		Teist	Yngling	Vår/sommar	Viktig
15	Håflæsa	Dvergsnipe	Rasting	Sommar	Registrert
16	Giske	Andefuglar	Beiting	Heile året	Viktig
		Andefuglar	Yngling	Vår/sommar	Registrert
		Vade-, måke- og alkefuglar	Rasting	Heile året	Viktig
17	Giske nordaust	Vade-, måke- og alkefuglar	Beiting	Heile året	Registrert
18	Sætedalen	Gråmåke	Yngling	Vår/sommar	Viktig
		Svartbak	Yngling	Vår/sommar	Viktig
19	Skjong	Gråmåke	Yngling	Vår/sommar	Viktig

* Akvaplanniva (5) framhevar Alnesrauden (Raunen) si betydning for skarv, med referanse til grunnlaget for verneplan for sjøfugl.


2.2.5 Eksisterande vern

Innanfor og nær området som er vurdert for marint vern er det oppretta fleire verneområde. Dei fleste av områda har verneverdi for fugl som hovudformål. Seks av verneområda har status som Ramsar-område og er samla registrert som Giske våtmarkssystem. Ramsar-konvensjonen omfattar internasjonalt viktige våtmarksområde. Ei oversikt over eksisterande naturvernområde er vist i tabell 2, og på kartet i figur 16.

Tabell 2. Verneområde på og ved Giske, Valderøya og Vigra.
Uttheva område grensar til Giske mvo, område i kursiv overlappar.

	Område	Verneformål (frå verneforskrift)	Verneår
1a 1b	Giske FFO* med <i>dyrelivsfreding</i>	Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.	1988
2	Synesvågen NR**	Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.	1988
3	Blindheimsvik FFO	Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.	1988
4	Rørvikvatnet NR	Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.	1988
5	Roaldsand FFO	Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.	1988
6	Rørvikvågen FFO	Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.	1988
7	Erkna NR	Viktig hekkelokalitet for sjøfugl som havhest, fleire måkeartar, toppskarv, teist, ærfugl, havsvale og stormsvale. Området har òg økologisk funksjon som rasteplass for fugl på trekk, myteområde for ærfugl og nattplass for skarv og måker.	2010
8	Langholmen NR	Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Området består av ein urørt holme med frodig vegetasjon og dammar, og omliggande skjær og sjøområde. Saman med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv utgjer området ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som måker og teist.	2010
9	Molnes NR	Formålet med fredinga er å ta vare på eit stort samanhengande og relativt urørt område med stor variasjon av strandtypar og eit sjeldant samansett og variert strandlandskap med kalkkrevjande vegetasjon med m.a. fleire orkideartar.	2002
10	Sætrødal NR	Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Området er eit tilnærma urørt lyng- og graskledd dalsøkk ned mot eit vassmagasin som ikkje lenger er i bruk. Området med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein viktig hekkelokalitet for gråmåke og svartbak.	2010

* FFO-Fuglefredingsområde, ** NR – Naturreservat



Figur 16. Verneområde i Giske. Blå skravering er Ramsar-område. Sjå elles tabell 2.

2.3 Andre miljøverdiar

2.3.1 Kulturminne

Det finst ikkje offentleg tilgjengelege kartinnsynsløysingar som viser registrerte kulturminne som t.d. vrak under sjøoverflata.

2.4 Arealbruk/brukarinteresser

2.4.1 Akvakultur

Området er grunt og eksponert, og det har til nyleg ikkje vore knytt akvakulturinteresser til området vest for Valderøya og Vigra. I 2018 vart det gitt konsesjon for eit anlegg på 80 dekar for oppdrett av tare, lokalitet Vikane. Prøvedrift viste at Vikane var lite eigna, og selskapet har klarert alternative lokalitetar. Vi legg til grunn at konsesjonen på lokaliteten vil falle bort.




Figur 17. Tildelte akvakulturløype i området (kjelde Fiskeridirektoratet).

2.4.2 Fiskeri

Det er knytt noko fiskeriinteresser til området foreslått som Giske marine verneområde. Av fiskeriaktivitet er det registrert område for fiske med snurrevad etter torsk, hyse og rødspette i djuprenna mellom Erkna/Synes og innover Synesvikane. Nordaust for Erkna blir det fiska med line etter hyse, lange og brosme. Til sist er det registrert låssettingsplassar for sild og makrell utanfor Blindheimsvika og Ytterland.


Om snurrevadfiske skriv rådgivande utval at det påverkar botnen i nokon grad, men at det ikkje er forventa å forringe verneverdiane i vesentleg grad. Utstyret er relativt lett og blir ikkje dratt over lenger strekkingar på botnen som ein trål. Botnforholda på snurrevadfelta er også påverka av naturlege fysiske krefter som straum og bølger. Til dømes vil stormar verke på sandbotn på relativt grunt vatn.

I tillegg til sjølve fisket omfattar nødvendige aktivitetar i området også søk etter og oppreinsking av tapte fiskereiskap, ferdsel og oppankring med båt eller andre fartøy, etablering av mindre fortøyingfeste for småbåt og til låssetjing av fisk, samt lagring av snurrevadtau eller liknande på sjøbotnen.



Figur 18. Registreringar av fiskeriaktivitet (kjelde Fiskeridirektoratet).


Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for kommersielle artar innanfor området aktuelt for marint vernt. Næraste er eit regionalt viktig gytefelt for torsk sør for Giske og Vigra som strekker seg innover Ellingsøyfjorden (namnsett Ellingsøyfjorden i datasett Gytefelt torsk MB, grå, ståande skravur i kartutsnittet). Fiskarlaget har registrert eit gyteområde for torsk, sild og hyse mellom sørenden av Valderøya og Giske.



Figur 19. Registrerte gytefelt (kjelde Fiskeridirektoratet).

2.5.3 Taretråling

Det er omfattande taretråling i Giske kommune og innanfor området aktuelt som marint verneområde. Figur 20 viser akkumulerte haustepunkt innrapportert for hausteperiodane 2013/14 - 2022/23. Taretråling er regulert i forskrifter fastsett av Fiskeridirektoratet. Kysten er delt inn i haustefelt ei nautisk mil breie (nord-sør), som blir hausta kvart femte år. Det er sett av eit referanseområde utan tarehausting aust for Erkna for å samanlikne hausta og ikkje hausta område. Tarehausting er ikkje tillate innanfor dei eksisterande verneområda.



Figur 20. Akkumulert taretrålingsaktivitet 2013-2023. Ein grøn prikk er eit innrapportert tråltrekk. Dei horisontale stripene på kartet viser haustesonene, som er ei nautisk mil breie. Område med tarehausteforbod er vist med raud skravering (naturreservat og referanseområde) (kjelde haustedata: Fiskeridirektoratet)


2.4.4 Skjelsand og mineralressursar

Vi er ikkje kjent med at det er eller har vore interesse for uttak av skjelsand innanfor område aktuelt for marint vern. Møre og Romsdal fylkeskommune forvaltar regelverket for uttak av skjelsand. Det er ingen gjeldande konsesjonar for uttak av skjelsand i Møre og Romsdal. Modelleringane omtala i 4.2.2 viser at det er areal med skjelsand innanfor det aktuelle området.

For andre typar lausmassar og berggrunn legg vi ut i frå NGU sine berggrunnskart for landareala i området til grunn at det ikkje er knytt spesielle kvalitetar og ressursar til området (gneis og kvartære avsetningar).

2.4.5 Friluftsliv/Reiseliv

Giske kommune har kartlagt friluftsområde etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-98 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*. Dei kartlagde områda er vist i figur 21.



Figur 21. Kartlagte friluftslivsområde (kjelde Naturbase/Giske kommune).

Det vil føre for langt å gå gjennom alle områda. Fellesnemnaren for alle områda er at friluftslivsaktivitetane på/i og langs sjøen naturleg nok er retta i stor grad mot sjøoverflate, sjøbotn, grunnområda, fjæresona og strandsona med dei opplevingskvalitetane kystlandskapet byr på. Døme på aktivitetar er turgåing, badeliv, fuglekikking, fritidsfiske, båtliv, padling, kiting og dykking inkl. skjelplukking. For detaljar om dei ulike delområda viser vi til <http://kart.naturbase.no/>.

2.4.6 Energiproduksjon

Etter det Statsforvaltaren kjenner til er det ikkje interesser knytt til energiproduksjon innanfor arealet som er aktuelt som marint verneområde. Området ligg ikkje innanfor område peika ut som potensielle havvindområde i dei utgreiingar NVE så langt har lagt fram per april 2023 [Identifisering av utredningsområder for havvind \(nve.no\)](https://www.nve.no/identifisering-av-utredningsomrader-for-havvind).

2.4.7 Samferdsel


Delar av riksveg 658 går langs sjøen vest på Valderøya, og fylkesveg 5957 går mellom Valderøya og Giske. Kystverket har ulike navigasjonsinstallasjonar innanfor området, og det går fleire farleier i området (sjå sjøkart for detaljar). Det går også nokre sjøkablar gjennom området.

2.4.8 Planstatus

Giske kommune har ein relativt ny arealdel av kommuneplanen, vedtatt 28.05.2018. Utsnitt av plankartet er vist i figur 22.

Det meste av landarealet som grensar til sjøområda aktuelle for marint vern er sett av til Landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF). Vesentlege næringsområde er konsentrert til Gjøssundet.

Det meste av sjøareala er sett av til kombinasjonsformål Natur -, ferdsel-, fiske- og friluftsliv (NFFF). Det einaste området tilrettelagt for akvakultur er eit NFFFA-område ved Sørestranda på Vigra. Det er sett av to område ved Blindheimsvika og Ytterlandsvika til fiskeriformål (kaste- og låssettingsplassar). Rundt nord- og vestsida av Giske, ved Hustruhamna og utanfor Blimsanden er det sett av friluftsområde i sjø.



Figur 22. Utsnitt av Giske kommune sin kommuneplan (kjelde Giske kommune)

I tillegg til planformåla er det sett av fleire typar omsynssoner og bandleggingssoner på sjøareala (ulike skravurar og signaturar). Desse omfattar omsynssoner for friluftsliv, naturmiljø og kulturmiljø, og bandleggingssoner for naturvernområde.

For meir detaljar viser vi til kommuneplanen, som er å finne på Giske kommune sine nettsider. Arealformål på land viser ikkje i teiknforklaring i figur 22.

3 Forslag til marint verneområde i Giske

3.1 Verneformål

Ein vesentleg del av ei verneforskrift er verneformålet. Det vil først av alt ha betydning for utforming av verneforslaget både geografisk og juridisk. Formuleringane i verneformålet vil også ha betydning når ein skal forvalte områda etter vedtak om vern. Dette kan t.d. gjelde der forskrifta opnar for å gi løyve til tiltak/aktivitetar som ikkje strir mot verneformålet, og tilsvarande for tiltak som må ha dispensasjon i medhald av § 48 i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av tilrådinga frå rådgivande utval, naturverdiane i området, samt ordlyden i nyleg vedtatte verneforskrifter foreslår Statsforvaltaren i Møre og Romsdal følgjande verneformål for Giske marine verneområde:

Formålet med Giske marine verneområde er å ta vare på eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, plante- og dyrelivet som lever på og i botnen, og dei spesielle geologiske og hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypene. Det er godt utvikla tareskog i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, delar av området som referanseområde for å kunne studere effektar av taretråling.

Verneformålet knyter seg til sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

3.2 Avgrensing av Giske marine verneområde

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt forslag til avgrensing er i hovudsak i samsvar med området det vart meldt oppstart for i 2019, som følgde rådgivande utval si oppteikning. Forslag til avgrensing av Giske mvo er vist i figur 23, og i forslag til vernekart i vedlegg 2.


Samanlikna med området slik det var utforma og gjort greie for i oppstartsmeldinga i 2019 er det likevel gjort tre vesentlege endringar i avgrensinga, sjå detaljert gjennomgang nedanfor.

Dei to første er tilpassingar slik at knekkpunkt blir lettare å oppfatte når dei er plassert på kjente og lett plasserte geografiske stader framfor tilsynelatande meir tilfeldig i sjøen. Dette gir ein netto tilvekst til det marine verneområde på 0,35 km² samanlikna med arealet ved oppstart. Det er ikkje knytt særskilte verneverdiar eller brukarinteresser til dei aktuelle areala som går til eller frå.

Deretter foreslår vi for det tredje at det marine verneområdet ikkje overlappar med eksisterande verneområde, med unntak av dyrelivsfredningsområdet på Giske. Sjøareala av desse verneområda kjem då til fråtrekk i arealet det var meldt oppstart for og frå arealet teikna opp av rådgjevande utval. Dette utgjer om lag 4 km². Totalt sjøareal underlagt vern blir likevel ikkje påverka. Sjå nærare grunngeving for å halde marint vern utanfor eksisterande verneområde nedanfor.

Når det gjeld avgrensing mot land er forslag til verneforskrift i samsvar med det som vart varsla ved oppstart. Det marine verneområdet omfattar då ikkje privat grunn, med unntak av der verneområdet grensar til naturreservat: *Mot matrikulert land på Vigra, Valderøya og Giske følgjer grensa marbakken eller to meter under sjøkartnull der marbakken ikkje finst, med unntak av areal som grensar mot Erkna naturreservat, Langholmen naturreservat, Molnes naturreservat, Rørvikvågen fuglefredningsområde, Synesvågen naturreservat, Blindheimsvik fuglefredningsområde og Giske*

fuglefredningsområde, der grensa følger grensa til eksisterande vern. Mot holmar og skjer som ikkje er matrikulert, følger grensa for det marine verneområdet middel høgvasstand (kystkonturen).



Figur 23. Forslag til avgrensing av Giske marine verneområde.

Grensepunkt Dyngja.

Knekkpunktet nordvest for Erkna foreslår vi å plassere søraust på Dyngja, ved middel høg vasstand, framfor i djuprenna mellom Erkna og Dyngja, sjå figur 24. Vi ser fordelar ved å ha knekkpunktet ved eit fysisk, geografisk punkt framfor på ein koordinat i sjøen.

Sørleg grenselinje Giske-Alnesbreidfluda.

Statsforvaltaren foreslår å plassere knekkpunktet i det sørvestre hjørnet av det marine verneområdet i Alnesbreidfluda. Sjøfarande som rundar vest om fluda veit då at dei også rundar vest om verneområdet. Vi foreslår også å ikkje legge inn knekkpunkt sør for Galtane, slik at grensa går i ei rett linje frå knekkpunkt i grensa til Giske fuglefredningsområde til knekkpunkt ved Alnesbreidfluda. Endringane går fram av figur 25, der grenselinja i oppstartsmeldinga er vist med stipla linje.

sjølevande dyreliv. Tilsvarande gjeld Molnes naturreservat, som vart verna i 2003 gjennom verneplan for havstrand og elveos.

Når vi ser på reguleringane av marint dyreliv i forskrifter for marine verneområde ser vi at unntak for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk er mest aktuelle utforming. Meirverdien av å legge marint vern over eksisterande vern er difor avgrensa.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal finn ut i frå dette at det er mest tenleg å avgrense det marine verneområdet mot dei eksisterande verneområda. I delar av Giske fuglefredingsområde med dyrelivsfreding, gjeld fredinga berre fuglar og pattedyr, og den omfattar ikkje t.d. livsmiljøet. Det er ikkje tilstrekkeleg for å ta vare på det undersjøiske naturmangfaldet. Dyrelivsfredinga ved Giske er av den grunn ikkje omfatta av denne avgrensinga, og for dette arealet vil det vere overlapp.

3.3 Avgrensing av soner med særlege restriksjonar

3.3.1 Behov for restriksjonssoner

Rådgivande utval for marint vern la i si førebelse (2) og endelege tilråding (3) i høvesvis 2003 og 2004 til grunn at ei rekke aktivitetar skulle kunne fortsette innanfor dei marine verneområda, trass i at dei faktisk og potensielt vil påverke verneverdiane. Dette gjeld i særleg grad tarehausting, fiskemetodar som rører ved botnen og akvakultur. For å bøte på dette, og legge til rette for å overvake utviklinga i påverka og upåverka område, peika rådgivande utval ut behov for å sette av særskilte referanseområde i utvalde kandidat område.

Fiskeri og akvakultur

For fiskeriaktivitet og akvakultur har rådgivande utval ikkje peika på Giske som eit område det bør settast av referanseområde. Utvalet framhevar generelt likevel at det bør etablerast overvaking og kontroll av verknader knytt til fiskeri, for å sikre at verneverdiane ikkje blir gradvis forringa på grunn av auka aktivitet, teknologiutvikling m.v. Rammene for dette vil vere naturleg å avklare i forvaltningsplan for Giske marine verneområde. For akvakultur føreset rådgivande utval at det ikkje må gjevast løyve til akvakultur som påverkar verneverdiane negativt. Dette er også i samsvar med forslag til forskrift for Giske marine verneområde.

Taretråling

Rådgivande utval peikte generelt på at det er eit klart behov for referanseområder utan tarehausting langs kysten i førebels tilråding frå 2003:


Disse kan tjene til å sammenligne tidsutviklingen i tareskogene med tilhørende artsmangfold mellom høstede og ikke-høstede områder. Dette kan igjen gi mulighet til å få tidlige indikasjoner på eventuelle negative virkninger av høsting eller forhåpentligvis å kunne dokumentere at tarenæringen ikke har negative påvirkninger på kystøkosystemene. Omfanget av referanseområder som trengs er en vanskelig faglig avveining. Tareskogene er åpne økosystemer hvor rekruttering av tare, kråkeboller og andre organismer skjer ved transport av sporer og larver med strømmene. Predatorer som fisk og sel som kan påvirke dynamikken i tareskogene, kan vandre over betydelige distanser og deres bestandssituasjon kan gjenspeiles på større geografiske områder. På denne bakgrunn er det viktig at referanseområdene ikke er for små og at de forekommer fordelt i ulike avsnitt langs kysten.

I utgangspunktet bør de marine verneområdene kunne dekke behovet for referanseområder i forhold til tarehøsting. Utvalgte områder eller deler av disse bør derfor settes av særskilt for dette formålet med forbud mot taretråling. Dette er fordi disse områdene også kan tjene som generelle referanseområder hvor naturtilstanden overvåkes i forhold til påvirkning generelt og ikke bare i forhold til tarehøsting.

Om Giske spesielt skriv utvalet i 2003 at: *I dette spesielle gruntvannsområdet er tare en vesentlig komponent som et bunnhabitat. Området vil kunne egne seg som et taretrålfritt referanseområde i dette området på Møreplatået.*


I sin endelege rapport i 2004 rådde utvalet til at delar av Giske marine verneområde vart sett av som referanseområde for tareskog med forbod mot taretråling, og at ein kunne avvente forslag frå fylkesregional arbeidsgruppe for hausting av tang og tare.

Denne gruppa la fram sitt forslag til referanseområde i juli 2014 (6), og ny forskrift vart vedtatt av Fiskeridirektoratet 30.09.2014. Referanseområdet er vist i figur 26. Etter same føresetnader som vist i kapittel 4.5 om verknader av verneforslaget for utnytting av tareressursane, vil dette referanseområdet gi eit årleg utbyttetap på 1 679 tonn. Fiskeridirektoratet endra deretter forskrifta 22.05.2015, utan å konsultere den fylkesregionale gruppa, og referanseområdet vart der redusert til området aust av Erkna, jf. figur 27. Referanseområdet vart vidareført i 2019.



Figur 26. Referanseområde for taretråling ved Erkna, fastsett i forskrift 22.05.2015.

I innspel til ny tarehaustingsforskrift i Møre og Romsdal og Trøndelag i 2019 viste Havforskningsinstituttet (7) til at dei har foreslått ein alternativ forvaltningsstrategi som kombinerer optimal ressursutnytting samtidig som tareskogen sin økosystemfunksjonalitet blir opprettheldt. Denne går ut på å avsette meir definerte område med godt ressursgrunnlag til tarehausting med ein haustesyklus som gir maksimalt



Figur 27. Fylkesregional arbeidsgruppe for hausting av tang og tare sitt forslag til referanseområde frå 2014, fastsett i forskrift 30.09.2014.

langtidsutbytte av ressursen, samtidig som haustinga blir avgrensa i andre område der tareskogen får betre vilkår til å utvikle klimakssamfunn og økologisk funksjonalitet.


Fiskeridirektoratet meiner i forskriftsvedtaket 2019 (8) at haustemønsteret i Trøndelag og Møre og Romsdal allereie er i samsvar med HI sitt forslag til forvaltningsmodell ut i frå at store areal med tareskog ikkje blir hausta av ulike årsaker.

For Giske marine verneområde isolert sett vil Statsforvaltaren vise til at det er eit betydeleg samanfall mellom tette tareskogar og intensivt hausta område. Figur 28 viser modellert tarebiomasse, medan figur 29 under viser akkumulerte taretrålingspunkt for haustesesongane 2013/14-2022/23. Som vi ser er det stor grad av overlapp mellom område med høg biomasse og dei tråla areala. Statsforvaltaren finn difor at Fiskeridirektoratet si generelle vurdering av haustemønsteret ikkje er dekkande for situasjonen i området aktuelt for marint vern i Giske.


Fiskeridirektoratet sine haustedata frå omløpet 2013/14-2018/2019 viser også at enkelte område er svært hardt utnytta. Den hardast hausta ruta i figur 30 vart tråla i til saman 98 timar i sesongen 2017/18, på ei flate på 900x900 meter.

Vi må også legge vekt på at utnyttinga av tareressursane kan auke både som følge av betre hausteteknologi og auka etterspurnad. Område som i dag er opna, men ikkje blir hausta kan difor på sikt bli utnytta. I eit langsiktig perspektiv må vi difor legge mindre vekt på at delar av tareskogane til no har «verna seg sjølv» når vi skal vurdere behovet for soner utan taretråling.


Det er eit nasjonalt mål at eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for komande generasjonar. Noreg har nyleg også slutta seg til FN si naturavtale med mål om å verne 30 % av økosystema. Det følgjer av dette at marine verneområde må omfatte større samanhengande tareøkosystem som er urørt og representative for naturverdiane både i det enkelte området og for kystavsnittet generelt. Omfanget av taretrålingsforbod kan ikkje vurderast berre ut frå behovet for referanseområde, men også ut frå at det er ein del av verneformålet å ta vare på godt utvikla tareskog. Hausting av stortare i form av tråling påverkar tareskogen som økosystem. Saman med det ovanstående legg Statsforvaltaren difor til grunn at det er nødvendig å sette av ei relativt store sone med taretrålingsforbod innanfor Giske marine verneområde, og at sona nødvendigvis må inkludere areal med omfattande taretrålingsaktivitet.



Figur 28. Modellert tarebiomasse (Kjelder: Havforskningsinstituttet)



Figur 29. Taretrålingspunkt 2013/14-2022/23 over modellert tarebiomasse. (Kjelde: Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet)



Figur 30. Haustekvantum 2013/14-2018/19 fordelt på ruter 900x900 meter (Kjelde: Fiskeridirektoratet)

Vurderingselement for soner med forbod mot taretråling

Som grunnlag for å vurdere aktuelle restriksjonssoner har vi sett opp nokre vurderingselement som omfattar:


- Sona bør vere representativ for dei verneverdiane og naturtilhøva som ligg til grunn for at Giske er plukka ut som eit område for marint vern av rådgivande utval. Ut i frå utvalet si skildring (jf. kap. 2.2.1) og botndata frå marin grunnkartlegging ser Statsforvaltaren på området Giskerevet-Erkna-Synesvikane som det mest typiske for Giske marine verneområde, med dei store, flate grunnområda.
- Sona bør ha ein storleik som fangar opp variasjon, og at det reelt framstår som eit større urørt typeområde og demonstrerer dei samla økosystemfunksjonane eit større urørt område innehar.
- Sona bør vere representativ for tareskogane i området, dvs. både område med tett og mindre tett tareskog.
- Sona bør fange opp ulike djupnegradiantar slik at heile spennet med grunne og djuptveksande taresamfunn blir representert.
- Det vil vere ein tilleggsverdi om sona i tillegg til tareskog også har ein variasjon i andre naturtypar, slik at overgangar, randsoner og mosaikk blir representert.
- Det vil vere ein tilleggsverdi om sona omfattar eller grensar til eksisterande verneområde.
- Statsforvaltaren legg også vekt på kva verdi tareskogen har for sjøfugl. Vi ser områda ved Erkna, Giskerevet og Raunen som særleg viktige for særleg skarveartane, jf. grunnlagsmaterialet for sjøfuglplanen slik det er referert i Akvaplan-niva sin rapport (5).
- Konfliktpotensialet med taretråling bør ha vekt i vurderinga av ulike soner.

Vi har ikkje lagt vekt på om områda har vore tråla eller ikkje og kor intensivt det har vore gjort. Når tarehaustinga tar slutt vil tareskogane over tid utvikle seg til dynamiske klimakssamfunn med naturleg alderssamansetning på tareplantane og fullt utvikla påvekstsamfunn. Dette gir igjen upåverka leve-, føde- og oppvekstområde for fisk, skjul- og næringsområde for sel, og næringsområde for fugl. Områda vil etter nokre år ikkje vere til å skilje frå område som aldri har vore tråla.


Vi har heller ikkje lagt vekt på omsyn til landerosjon. Ut i frå Akvaplan-niva sin gjennomgang finn vi ikkje at det er fagleg grunnlag for å vektlegge dette i arbeidet med marin verneplan.

3.3.2 Forslag til sone med forbod mot taretråling

Statsforvaltaren foreslår to alternative soner med forbod mot taretråling, sjå figur 31 og 32, samt vedlegg 2.



Figur 31. Alternativ 1, sone med taretrålingsforbod




Figur 32. Alternativ 2, sone med taretrålingsforbod

Alternativ 1 - sone med forbod mot taretråling


Alternativet tar utgangspunkt i regional arbeidsgruppe si tilråding til sone utan taretråling i 2014, samt Akvaplan-niva sitt forslag om tilsvarande sone sør for ei linje trekt nord for Erkna naturreservat og Synesvågen naturreservat, sjå avsnitt 5.3.1 og 5.3.3.

Sona dekker dei mest typisk delane av dei spesielle grunnområda ved Giske. Alternativet dekker samtidig langstrakte djupnegradientar langs fleire aksar. Tareførekomstane vekslar mellom tette tareskogar på Giskerevet, rundt Erkna og vest for Synesvågen, og til meir moderate biomassar i det langstrakte midtpartiet mellom Erkna og Giske, og vestover mot Raunen.


Sona har stor variasjon i naturtypar, djupner og ulike botns substrat. Sona bitt saman verneområda Giske, Erkna, Synesvågen og Blindheimsvik. Vi vil framheve som positivt at sona sikrar naturleg taredynamikk vest for Synesvågen. Arealet utgjer om lag 52 km², av dette om lag 38 km² modellert som tareskog. Ikkje alt av dette igjen er tareskog, då modellert tareskog overlappar med store areal modellert som skjelsand og blautbotn.




Figur 33. Alternativ 1, sone med taretrållingsforbod saman med modellert tarebiomasse.



Figur 34. Alternativ 1, sone med taretrållingsforbod saman med modellerte naturtypar (blandingfargar er overlapp i modelleringane).



Figur 35. Alternativ 1, sone med taretrålingsforbod saman med skuggereleiff av botn.



Figur 36. Alternativ 1, sone med taretrålingsforbod saman med taretrålingspunkt haustesesongar 2013/14 - 2022/23.


Alternativ 2 - sone med forbod mot taretråling

Alternativ 2 tar også utgangspunkt i regional arbeidsgruppe si tilråding til sone utan taretråling i 2014, og i mindre grad Akvaplan-niva sitt forslag, sjå avsnitt 5.3.1 og 5.3.3. Endringa er knytt til området vest for Synesvågen naturreservat, der vesentlege tareområde blir verande opne for hausting.


Sona dekker dei mest typisk delane av dei spesielle grunnområda ved Giske. Alternativet dekker samtidig langstrakte djupnegradientar langs fleire aksar. Tareførekomstane vekslar mellom tette tareskogar på Giskerevet og rundt Erkna til meir moderate biomassar i det langstrakte midtpartiet mellom Erkna og Giske, og vestover mot Raunen.

Sona har stor variasjon i naturtypar, djupner og ulike botns substrat. Sona bitt saman verneområda Giske, Erkna og Blindheimsvik. Arealet utgjør om lag 43 km², av dette om lag 33 km² modellert som tareskog. Ikkje alt av dette igjen er tareskog, då modellert tareskog overlappar med store areal modellert som skjelsand og blautbotn.


Alternativ 2 har noko lågare konfliktnivå mot taretråling enn alternativ 1 i og med at området vest for Synesvågen er tatt ut.




Figur 37. Alternativ 2, sone med taretrålingsforbod saman med modellert tarebiomasse.



Figur 38. Alternativ 2, sone med taretrålingsforbod saman med modellerte naturtypar (blandingsfargar er overlapp i modelleringane).



Figur 39. Alternativ 2, sone med taretrålingsforbod saman med skuggereleiff av botn.



Figur 40. Alternativ 2, sone med taretrålingsforbod saman med taretrålingspunkt haustsesongar 2013/14 – 2022/23.

3.3.3 Forkasta forslag til soner med forbod mot taretråling


Ved oppstart kom det inn fleire forslag til soner med forbod mot taretråling. Akvaplan-niva sin naturfaglege grunnlagsrapport (5) la også fram forslag til forbodssoner. I det følgjande gir vi ein gjennomgang av grunnlaget for at Statsforvaltaren har valt å ikkje legge dei fram. Sjå merknadsheftet i vedlegg 3 for heile innspela.

Langholmen – forslag Fiskeridirektoratet

Utgangspunktet for Fiskeridirektoratet sitt forslag er Langholmen naturreservat, der det er forbod mot taretråling i dag. Fiskeridirektoratet foreslår å utvide området med taretrålforbod «noko mot aust frå eksisterande nordlegaste og sørlegaste punkt». Vurdert ut i frå modellert tarebiomasse og data om tråleaktivitet, jf. figur 41, finn vi at dette forslaget i praksis ikkje vil ta opp i seg tareskogareal av nemnande omfang. Siktemålet med å sette av større tareskogareal utan taretråling, jf. kapittel 3.3.1, vil med det ikkje bli oppfylt. Vi forkastar difor forslaget.

Molnes – forslag Fiskeridirektoratet

Utgangspunktet for Fiskeridirektoratet sitt forslag er Molnes naturreservat, der det er forbod mot taretråling i dag. Fiskeridirektoratet foreslår at «Molnes naturreservat, eventuelt med ei noko utvida grense kan vere eit alternativ til referanseområde for taretråling». Statsforvaltaren finn at det foreslåtte området er for lite til å fylle siktemålet med å sette av større tareskogareal utan taretråling, jf. kapittel 3.3.1. Vi forkastar difor forslaget.




Figur 41. Området ved Langholmen og Molnes saman med modellert tarebiomasse og taretrålingspunkt 2013/14-2022/23.

Erkna – forslag Fiskeridirektoratet

Utgangspunktet for Fiskeridirektoratet sitt forslag er Erkna naturreservat, der det er forbod mot taretråling i dag. Det eksisterande referanseområdet fastsett i forskrifta om tarehausting ligg også aust av Erkna. Fiskeridirektoratet foreslår følgjande: «Rundt Erkna kan området utvides fra nordøstlige punkt på eksisterende referanseområde øst av Erkna (ved Stampen) og nordvestover mot verneområdets yttergrense (mot Sveskallen), og fra østsiden (skal vere vestsida, vår merknad) av Erkna ved Trolla nordvestover via øst av Kråka og mot verneområdets yttergrense (mot Tjøreskallen).»

Avgrensinga er så detaljert at vi har teikna opp forslaget og lagt det inn saman med modellert tarebiomasse og trålepunkt i figur 42. Området er større, og rommar vesentleg meir tareskog enn referanseområda Fiskeridirektoratet foreslår ved Langholmen og Molnes. Med ein storleik på om lag 1,9 km² (ikkje inkludert reservat og referanseområde) finn vi likevel at arealet ikkje er stort nok til å fylla målsettingane med å sette av større tareskogareal utan taretråling, jf. kapittel 3.3.1 Vi forkastar difor forslaget.




Figur 42. Fiskeridirektoratet sitt forslag til område med forbod mot tarehausting ved Erkna saman med modellert tareskog og taretrålingspunkt 2013/14-2022/23.

Giskerevet – forslag Fiskeridirektoratet

For Giskerevet foreslår Fiskeridirektoratet eit referanseområde «hovedsakelig innenfor 3-meters dybdekote, fra Skarveneset til vest av Hellesteinanen, via Leiasteinen nord, Giskerevet og østover til Staurnesgrynnnet/Staurneset og mot Skjong om ønskelig».

Avgrensinga er detaljert nok til at vi har teikna opp eit alternativ basert på forslaget og lagt det inn saman med modellert tarebiomasse og trålepunkt i figur 43. Djupnekote 3 meter er vist med blått i figuren. Sona er på berre 3,8 km² og inneheld berre grunnområde, mykje av det under 2 meter der taretråling uansett er forbode. Viktige delar av den variasjonen vi ser på som vesentleg manglar, og området er ikkje stort nok. Vi forkastar difor forslaget.




Figur 43. Fiskeridirektoratet sitt forslag til område med forbod mot tarehausting ved Giskerevet saman med modellert tarebiomasse og taretrålingspunkt 2013-2021.

Nord for Erkna-Synsvågen – forslag Akvaplan-niva

Akvaplan-niva har foreslått to alternative soner med forbod mot taretråling. Det høgast prioriterte området er vist som sone 1 i figur 44 og dekker det marine verneområdet sør om ei linje trekt nord for Erkna naturreservat og austover til nordgrensa til Synsvågen naturreservat. Dette forslaget er med og danner grunnlaget for Statsforvaltaren sitt forslag til forbodssone, jf. kap. 3.3.2.

Resten av det marine verneområdet nord for same linja foreslår Akvaplan-niva som alternativ 2 dersom område 1 ikkje kan prioriterast. Som det går fram av kapittel 3.5 utgjer årleg haustekvantum i vårt foreslåtte alternativ 1 om lag halvparten av totalt haustekvantum innanfor Giske marine verneområde. Gitt vår prioritering av dei sørlege delane av verneområdet, og at konsekvensane av Akvaplan-niva sine to alternativ for tarenæringa er om lag lik, vel vi å sjå bort frå dette alternativet.



Figur 44. Akvaplann-niva sitt forslag til to alternative soner med forbod mot tarehausting.

3.4 Verneforskrift Giske marine verneområde

Forslag til verneforskrift for Giske marine verneområde går fram av vedlegg 1.

Hovudtrekka i forskrifta er først å definere verneformålet i § 1, den geografiske avgrensinga i § 2, og kva restriksjonar som følgjer av vernet i § 3. Vernereglane i § 3 omfattar først freding av plante- og dyrelivet, og listar deretter opp ei rad tiltak som ikkje er tillatne. Forbodet mot tiltak omfattar m.a. fysiske tiltak som bygg/installasjonar og ulike inngrep, samt ulike former for forureining. Botntråling vil også vere forbode. Opplistinga i forskrifta av fysiske tiltak er ikkje uttømmande.

Deretter listar § 4 opp ei rekke tiltak og aktivitetar som ikkje er hindra av vernereglane i § 3. Dette omfattar særleg igangverande aktivitetar i området, og drift og vedlikehald av eksisterande installasjonar. Døme på dette kan vere ulike fiskeaktivitetar, ferdsel og fortøyning av båt og andre fartøy, og drift og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar og ulike kablar og rør som finst i området.

I § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar) er det sett opp ulike tiltak forvaltningsstyresmakta (mest vanleg Statsforvaltaren) kan gi dispensasjon til etter ei konkret vurdering. Dette er tiltak som med rett plassering, omfang og nødvendige vilkår ikkje treng påverke dei marine naturverdiane i vesentleg grad. I tillegg til ulike mindre tiltak som t.d. nye installasjonar, kablar og rør, kan det nemnast at akvakultur er mellom dei tiltaka som kan få dispensasjon så lenge det ikkje strir mot verneformålet.

Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til" i verneforskrifter, betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon.

Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle dispensasjonsregelen det kan gis dispensasjon til. Sjølv om eit tiltak det er søkt om er innanfor ramma av ein spesifisert dispensasjonsregel, må det likevel gjerast ei sjølvstendig vurdering av om ein skal gje dispensasjon i einskildtilfelle. Sjølv om ordlyden i regelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må dispensasjonen også vurderast i lys av verneføremålet, naturforholda i området, lokalisering innanfor området, teknologi, storleik/omfang av tiltak mv. I tillegg vil mellom anna forarbeid til vernet og forvaltningspraksis vera sentrale tolkingsmoment. Ifølgje § 6 (generelle dispensasjonsreglar) i forslaget til verneforskrift, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48. Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet ment for upårekna tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved etableringa av verneområdet.

Ei verneforskrift gjeld berre innanfor verneområdet av avgrensing. For utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde, gjeld naturmangfaldlova § 49. Vedkommande sektortyrande skal da vurdere omsynet til verneverdiane.

Spesifiserte og generelle dispensasjonsreglar er nærare omtalt i Miljødirektoratets rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Vi gjer ut over dette merksam på at det ikkje er foreslått reguleringar knytt til ferdsel innanfor det marine verneområdet.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M106/M106.pdf>.

Verknader av verneforslaget for ulike sektorar er gjort meir greie for i kapittel 4.

4 Verknader av verneplanen

Verknader av verneplanen blir vurdert opp mot nullalternativet. Nullalternativet beskriver dagens situasjon og den forventa utviklinga i området. Forventa utvikling inkluderer planar og tiltak som er vedtatt iverksett, og ei vurdering av mest truleg utvikling i området dersom det ikkje blir oppretta eit marint verneområde. Det er spesielt viktig å ha i mente at naturverdiane som ligg til grunn for verneforslaget vil ha tung vekt også i dei avgjerdsprosessane som gjeld for nye tiltak og aktivitetar etter plan- og bygningslova og ulike særlover. Mange tiltak vil difor ikkje kunne realiserast også utan marint vern. Dette er tatt inn i vurderingane under tema der dette er særleg aktuelt.

Verknader for grunneigarar er ikkje tatt inn som eige tema. Som vist under kapittel 3.2. rører forslaget ikkje ved privat grunn anna enn der det marine verneområdet sluttar inntil eksisterande verneområde som går delvis ut i sjø. Her er grunneigedomane frå landsida allereie underlagt vernerestriksjonar, og marint vern legg ikkje nemnande til dette.

4.1 Verknader for naturmiljø

Forslag til Giske marine verneområde inneheld eit mangfald av marine naturtypar, med tareskogar, blautbotn og skjelsand som dei viktigaste hovudtypane. Området er valt ut som representant for spesielle grunnvassområde langs kysten. I tillegg grensar det marine verneområdet til fleire naturreservat samla i Giske våtmarkssystem (Ramsar-område), samt eit havstrandreservat og to sjøfuglreservat.

Den viktigaste umiddelbare verknaden av verneforslaget er at større delar av tareskogane ved Giske blir utan taretråling. Desse tareskogane vil etter nokre år utvikle seg til dynamiske klimaks-samfunn med naturleg alderssamansetning på tareplantane og fullt utvikla påvekstsamfunn. Dette gir igjen optimale leve-, føde- og oppvekstområde for fisk, skjul- og næringsområde for sel, og næringsområde for fugl.

På lenger sikt vil det marine verneområdet også gi større tryggleik for at naturverdiane ikkje blir utsett for påverknad frå tekniske inngrep og installasjonar, lokal tilførsel av forureining eller annan menneskeskapt påverknad.

Alternativ 1 for sone med tarehaustingsforbod vil ha vesentleg større naturverdi sidan det inkluderer tette tareskogar på Giskerevet, og dekkar med det opp tareskogar på det mest karakteristiske elementet innanfor Giske marine verneområde. Giskerevet er særleg viktig for sjø- og våtmarksfugl. Alternativ 2 sikrar ikkje naturleg dynamikk i tareskogen ved Synesvågen naturreservat samanlikna med alternativ 1.

For naturmiljø vil verneforslaget ha **positive verknader**. Tarehaustefri sone etter alternativ 1 har betre positiv verknad enn alternativ 2.

4.2 Verknader for fiskeri

Vernereglane i forslaget er ikkje til hinder for dagens fiskeriaktivitet, i og med at hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk vil vere tillate. Botntråling vil ikkje vere tillate. Snurrevadfiske kan halde fram. Verneforslaget vil sikre området mot ulike typar inngrep og tiltak som kan vere til mein for fiskeriinteressene. Dette gjeld i størst grad i område det blir slutt på tarehausting. Tareskogen sin funksjon som leve-, føde- og oppvekstområde for fisk vil her bli styrka, til gagn for fiskerinæringa. Innanfor andre typar tiltak

og aktivitetar vil den positive verknaden i hovudsak vere knytt til den sikkerheita marint vern gir mot moglege framtidige ulemper for fiskebestandar og fiskeriaktivitet.

For fiskeriinteressene vil verneforslaget ha **positive verknader**.

4.3 Verknader for kulturmiljø

Vern av naturmiljøet vil bidra til at også kulturminne på botnen innanfor det marine verneområdet får ei sterkare sikring mot skade som følgje av ulike tekniske inngrep. Skadepotensialet som følgje av taretråling vil bli mindre innanfor sona med taretrålingsforbod. Som omtala i kapittel 2.3.1 finst det ikkje offentleg tilgjengelege kartinnsynsløysingar som viser registrerte kulturminne, som t.d. vrak, under sjøoverflata. Det er difor ikkje mogleg å kvantifisere omfanget av betre sikring som følgje av vern, men marint vern vil utan tvil vere positivt for dei marine kulturminna i området.

For marine kulturminneverdiar vil verneforslaget ha **positive verknader**.

4.4 Verknader for friluftsliv

Verneforslaget vil ikkje legge band på utøving av friluftsliv på og under vatn med utgangspunkt i dei naturgitte kvalitetane området byr på, og dei installasjonar og inngrep som i dag er til stades i området. Framtidige friluftaktivitetar som eventuelt måtte vere avhengig av nye tekniske installasjonar som ikkje vil kunne tillatast innanfor verneområdet vil potensielt kunne bli hindra. Denne typen verknader finn vi det rettast å vurdere under reiseliv, då dette vil krevje investeringar som i liten grad kan finne grunnlag i allment friluftsliv.

Positive verknader for fiskeriinteressar vil vere positivt også for fritidsfiske. For dykkeaktivitetar vil større areal med intakte tareskogar vere positivt for opplevingsverdiane. At marint vern potensielt kan hindre tiltak og aktivitetar som kan vere negative for friluftsupplevingane veg også positivt i vurderinga.

For friluftsliv vil verneforslaget ha **positive verknader**.

4.5 Verknader for utnytting av tareressursane

Soner med forbod mot tarehausting innanfor Giske marine verneområde vil redusere tilgjengelege tareressursar som råstoff for mat, fôr, farmasøytiske produkt, biokjemikaliar, gjødsel og bioenergi. For å vurdere verknader av forslaga har vi sett på kor store areal med tareskog i Møre og Romsdal som vil bli utilgjengelege for hausting, og kor mykje tare som siste åra har vore hausta innanfor dei ulike sonealternativa.

Verknader på tilgjengeleg areal for taretråling

Utgangspunktet for arealberekningane er datasettet for modellerte tareskogar i Naturbase i Møre og Romsdal. Det er berekna kor store areal med tareskog som ligg i verneområde med taretrålingsforbod, i referanseområda fastsett i tareforskrifta ([Forskrift om høsting av tare, Møre og Romsdal og Trøndelag - Lovdata](#)), og innanfor forslag til soner med hausteforbod i Giske marine verneområde. Til slutt er det sett på kor stor andel av dei totale tareskogareala i Møre og Romsdal desse reguleringane og forslaga utgjær. Resultata er vist i tabell 3 og 4.

Sett i lys av målet i FN si naturavtale om vern av 30 % av økosystema vil vi med verneforslaget for Giske mvo berre vere halvveges til målet for Møre og Romsdal sin del.

Tabell 3. Tareskogareal i Møre og Romsdal med eksisterande forbod mot taretråling.

Totalt areal modellert tareskog i M&R	Tareskog i verneområde med tråleforbod i dag	Tareskog i referanseområde i dag	Sum tareskog stengt for taretråling i dag	Andel tareskog stengt for taretråling i dag
1 007 km ²	91 km ²	22 km ²	113 km ²	11,2 %

Tabell 4. Tareskogareal innanfor forslag til soner med forbod mot taretråling i Giske marine verneområde.

	Alternativ 1	Alternativ 2
Tareskogareal innanfor sonealternativa	38 km ²	33 km ²
Andel av tareskog innanfor Giske mvo (totalt 51,5 km ²)	73 %	65 %
Andel av tareskog i Møre og Romsdal (totalt 1 007 km ²)	3,8 %	3,3 %
Akkumulert andel tareskog med hausteforbod i Møre og Romsdal (eksisterande 11,2 %)	15,0 %	14,5 %



Figur 45. Verneområde med forbod taretråling (blått) og referanseområde med forbod mot taretråling (raudt). Modellert tareskog er vist med brunt.

Verknader på hausta kvantum av tare.

Utgangspunktet for å vurdere kva dei ulike alternativa vil ha å seie for redusert haustekvantum av tare er fangstrapporteringa til Fiskeridirektoratet (ERS-data). Hausteåret går frå 1. oktober til 30. september påfølgjande år. Kysten er inndelt i haustefelt som i utgangspunktet er opne for hausting kvart femte år. Dataserien vi har tilgang til gjeld frå og med hausteåret 2013/14 til og med 2022/23. Materialet omfattar med det 10 haustesesongar, dvs. to omløp. Siste omløp, frå haustestart 1. oktober 2019, vart haustefelta omorganisert i Møre og Romsdal og Trøndelag. Dette gjorde at utbyttet samla sett gjekk noko ned i overgangsperioden. Dei absolutte tala for hausteutbytta innanfor Giske mvo ligg difor noko under forventa utbytte utan omlegging. Vi har ikkje prøvd å korrigere for dette. Dei relative tala for kor stor andel av påreknaleg hausteutbytte innanfor Giske mvp som fell bort med dei to sonealternativa er mindre usikre.

Tabell 5. Hausta kvantum (snitt av ti siste haustesesongar) innanfor forslag til soner med forbod mot taretråling heldt opp i mot totalt haustekvantum innanfor Giske mvo og i Møre og Romsdal og i Noreg.

	Alternativ 1	Alternativ 2
Årleg kvantum, snitt av siste ti haustesesongar	1 482 tonn	1 217 tonn
Andel av kvantum innanfor Giske marine verneområde, snitt av siste ti haustesesongar (2 816 tonn)	53 %	43 %
Andel kvantum Møre og Romsdal, snitt av siste ti haustesesongar (42 387 tonn)	3,5 %	2,9 %
Andel haustekvantum Noreg, snitt av siste ti haustesesongar (141 256 tonn)	1,05 %	0,86 %

Begge alternativa omfattar viktige hausteområde på Giskerevet, og alternativ 1 også eit viktig område vest for Synesvågen. Likevel inngår også store område utan vesentleg tarehausting. Sonealternativa omfattar 73/65 % av dei modellerte tareskogane innanfor Giske mvo, men representerer eit tap på berre 53/43 % av det årlege haustekvantumet i verneområdet. Dette er ei følge av at delar av områda er mindre haustbare, og at mykje av sonene er areal med lav tettleik av tare og slik sett lågare natur- og økosystemverdi enn dei tettaste tareskogane, jf. også figur 33 og 37 som viser modellert tarebiomasse innanfor dei ulike alternativa..

I absolutte tal meiner vi tapt årleg haustekvantum er moderat, med om lag 1 500, og vel 1 200 tonn. Verneforslaget for Stad marine verneområde gir eit årleg haustetap på 1 500-2 000 tonn i følge FMC Biopolymer AS sitt innspel til den verneplanen 14.03.2018.

Vurdert opp mot totale haustekvantum i Møre og Romsdal og nasjonalt inneber verneforslaget for Giske marine verneområde berre små tap av tareråstoff, med høvesvis 3,5 % og 2,9 % andel av haustekvantum i fylket, og 1,05 % og 0,86 % nasjonalt for dei to alternativa.

Det er også viktig å ha i mente at næringa har eit stort ikkje utnyttat rom for å auke haustinga i allereie opne område, og tareoppdrett kan ha eit stort potensiale for å supplere tarehausting som råstoffkjelde til tareindustrien. Det har også vore prøvehausta i Nordland, og sør for Vega er det frå 2022 opna for kommersiell hausting.

For utnytting av tareressursar vil verneforslaget ha **moderat til små negative verknader**.

4.6 Verknader for akvakultur

Som vist under 4.5.1 er det ikkje knytt vesentlege akvakulturinteresser til området som er omfatta av forslag til marint vern.

Forskriftene for alle marine verneområde som er vedteke frå og med 2020 har ein spesifisert dispensasjonsregel om akvakultur. Ved sluttbehandlinga av ni marine verneområde som vart oppretta i juni 2020, vart det tatt inn ein spesifisert dispensasjonsheimel for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Klima- og miljødepartementet viste til at akvakultur er ei næring i rask utvikling, og at det i framtida kan vere mogleg at akvakultur kan sameinast med verneformålet i område der dette ikkje er aktuelt i dag.

Dersom det i framtida kan vise seg aktuelt med oppdrettsformer som eignar seg i området vil det vere mogleg å gi løyve til akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet, jf. § 5 i utkast til verneforskrift. Oppdrettsformer som ut i frå grunnforholda og naturverdiane i området truleg ikkje kan få dispensasjon vil særleg vere tradisjonelle merdanlegg, som potensielt kan ha sterk forureiningspåverknad på botnen og dyre- og planteliv i området. Desse vil uansett vere lite aktuelle ut i frå dei krava forureiningslova stiller. Vidare vil oppdrettsformer som gir vesentlege inngrep på botnen, vesentlege skyggeverknader, omfattande nedfall av organisk materiale/påvekst, tilførsel av kjemiske middel eller introduserer ikkje stadeigne organismar vanskeleg kunne få løyve.

Konsekvensar for akvakulturnæring må også vurderast ut i frå potensialet for kollisjonar med andre interesser, som t.d. farleier, fiskeri, taretråling og friluftsliv/reiseliv. Store delar av det foreslåtte området vil vere uaktuelt ut i frå slike omsyn. Etter akvakulturlova § 6, a) kan ein heller ikkje gi oppdrettsløyve dersom det ikkje er miljømessig forsvarleg. Negative verknader på naturverdiane i området kan såleis gjere akvakultur uaktuelt uavhengig av om området er verna eller ikkje.

For akvakultur vil verneforslaget ha **svært små negative verknader**.

4.7 Verknader for skjelsand- og mineralutnytting

Som vist under 4.5.4 er det ikkje næringsinteresser knytt til utvinning av skjelsand eller andre laus- og bergmassar i området. Potensialet for utvinning av skjelsand innanfor verneforslaget ligg der likevel. Vi har ikkje data som seier noko om kvalitet eller tilgjengelegheit samanlikna med andre område. Skjelsand er rekna som ein ikkje fornybar ressurs, men totalt sett langs kysten er ressursane så store at det gir lita meining å rekne på kva marint vern ved Giske vil redusere ressurstilfanget med nasjonalt eller regionalt. Gitt at det ikkje er aktivitet på skjelsand i fylket og ressurstilgangen for framtida må reknast som god sett under eitt, påverkar ikkje verneforslaget utnytting av skjelsand negativt.

For utnytting av andre lausmassar og bergressursar er det som omtala i kap. 2.4.4 ikkje knytt spesielle kvalitetar og ressursar til området (gneis og kvartære avsetningar). For direkte utnytting av ressursane på sjøbotnen legg vi difor til grunn at det verneforslaget ikkje vil ha innverknad på framtidig tilgang og utnytting av mineralske ressursar. Verneplanen legg i seg seg sjølv ingen hinder for ferdsel og transport på sjøen. For ev. nye, større utskipingsanlegg kan verneplanen i teorien få verknad, men i lys av grunnforholda og potensialet på landsida kan vi ikkje sjå at det er behov for særskilte vurderingar eller tilpassingar knytt til dette. For transport til Giske kommune i samband med t.d. utbyggingsprosjekt med massebehov har vi ikkje fanga opp konkrete behov, og legg til grunn at det ev. blir løyst innanfor eksisterande infrastruktur.

For skjelsand- og mineralutnytting vil verneforslaget ha **ingen verknader**.

4.8 Verknader for reiseliv

Verneforslaget vil ikkje legge band på reiselivsnæringa sin bruk av dei naturgitte kvalitetane området byr på, og dei installasjonar og inngrep som i dag er til stades i området. Framtidige reiselivsaktivitetar som eventuelt måtte vere avhengig av nye tekniske installasjonar og inngrep som ikkje vil kunne tillatast innanfor rammene av § 5 bokstav f vil potensielt kunne bli hindra. Etter § 5 bokstav f i verneforskrifta kan det gjevast dispensasjon for tekniske tiltak som inneber små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkludert vassutskifting og straumforhold nemneverdig, medrekna mellom anna flytebrygger og fortøyingar. Reiselivs-utbygging på land vil ikkje bli påverka av marint vern.

Positive verknader for fiskeriinteresser vil vere positivt også for reiselivet, og t.d. gi styrka grunnlag for havfiske. For dykkeaktivitetar vil større areal med intakte tareskogar vere positivt for opplevingsverdiane. At marint vern potensielt kan hindre tiltak og aktivitetar som kan vere negative for reiselivsprodukta veg også positivt i vurderinga.

Marint vern kan styrke marknadsværdien av området, og gi tilgang til merkevareprofileringa Noregs nasjonalparker.

For reiselivsnæringa vil verneforslaget etter vår vurdering ha **positive verknader**.

4.9 Verknader for energiproduksjon

Som vist under 4.5.6 er det så langt ikkje peikt på Giske som eit område som eignar seg for fornybar energiproduksjon. For vindkraft legg vi til grunn at tryggingssyn knytt til flyplassen på Vigra gjer det uaktuelt med vindmøller i området. Ut i frå naturverdiane i området, særleg knytt til sjøfugl, reknar vi det også som lite truleg at området vil bli opna for energiproduksjon med t.d. vindkraft. Dette gjeld uavhengig av om Giske verneområde blir oppretta eller ikkje. For ev. bølge- og tidevasskraftverk er teknologien ikkje komme langt nok til å vurdere om områda innanfor Giske marine verneområde er eigna for slik produksjon. Ut i frå konfliktpotensialet med naturverdiane uavhengig av om dei er verna eller ikkje, fiskeriaktivitet og tarehausting, reknar vi det for lite truleg at marint vern vil gi vesentleg tilleggseffekt på om slik produksjon kan realiserast eller ikkje.

Legging av straumkablar gjennom det marine verneområdet legg vi tilsvarende til grunn er lite aktuelt. Legging av kablar og røyrleidningar er likevel mellom dei tiltaka forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi dispensasjon for, jf. forskriftsutkastet § 5.

For energiproduksjon vil verneforslaget etter vår vurdering ha **ingen verknader**.

4.10 Verknader for samferdsel m.m.

Statens vegvesen ber i sine innspel til verneplanarbeidet om at det blir omtalt meir presist kva konsekvensar det marine vernet får for utviklings- og utbetringstiltak på eksisterande vegar. Dei opplyser også at Statens vegvesen har fått i oppdrag å utarbeide ei konseptvalutgreiing for riksveg 658.

Konseptvalutgreiinga var på offentlig høyring mars-juni 2024. Utgreiinga la fram ulike alternativ for løysing av kapasitetsutfordringane for trafikken mellom Ålesund og Giske. Konseptet rører i liten og ulik grad ved grensene i verneforslaget. Relevante element omfattar utbetring av brua over Gjøsundet og oppgradering av rv. 658 Ytterland-Gjøsund.

Grensa for forslag til verneområde er på det næraste knappe 120 meter frå brufyllinga over Gjøsundet, og vi ser ikkje at verneforslaget påverkar handlingsrommet for aktuelle tiltak her.

Når det gjeld landdelen av rv. 658 på Valderøya vil ev. nye utfyllingar ut om 2 meters djup komme i konflikt med verneområdet. Dei marine verneverdiane er avgrensa i denne delen, og Statsforvaltaren signaliserte i si uttale til konseptvalutgreiinga vilje til å tilpasse grensedraginga etter nærare dialog med Statens vegvesen. Alternativt kan verneforskrifta ta inn ein særskilt heimel for å gi løyve til nødvendige tiltak. Aktuelle tilpassingar vil bli vurdert etter høyring.

For fylkesveg 5957 mellom Valderøya og Giske er grensa for verneområdet på det næraste knappe 50 meter frå bru og fyllingar, og vi kan ikkje sjå at dette blir påverka av verneforslaget.

Utkast til verneforskrift er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande navigasjonsinstallasjonar, og etablering av nye er mellom dei tiltaka det er spesifisert heimel for å gi dispensasjon for. Tilsvarande gjeld vedlikehald, fornying og oppgradering av eksisterande sjøkablar. Etablering av nye er mellom dei tiltaka det er spesifisert heimel for å gi dispensasjon for. Nye kablar skal så langt som mogleg samlast i korridorar saman med andre leidningar og rør.

For samferdsel vil verneforslaget etter vår vurdering ha **ingen eller svært små negative verknader**.

5 Samla vurdering og forslag

Vern av Giske marine verneområde bidrar til å nå måla i Stortingsmelding 29 (2020-2021), og vidare internasjonale forpliktingar om ivaretaking av naturmangfald. Verneforslaget sikrar eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, med tilhøyrande plante- og dyreliv og dei spesielle geologiske og hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypene. Det er godt utvikla taeskok i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell.

Verneforslaget er positivt for naturmiljøet og fleire brukarinteresser som er avhengig av eit intakt økosystem. Negative verknader er i hovudsak knytt til redusert ressursgrunnlag for tarehausting.

I samsvar med tilrådinga frå rådgivande utval foreslår Statsforvaltaren at vesentlege delar av Giske marine verneområde blir sett av til sone utan tarehausting. Utgangspunktet for avgrensing er forslag frå fylkesregional arbeidsgruppe for hausting av tang og tare i 2014, som føresett av rådgivande utval. Akvaplan-niva har i eit faggrunnlag som summerer opp verneverdiane foreslått ei avgrensing som peikar på det same området.

Vi legg fram to alternativ for sone utan tarehausting. Det mest omfattande har vesentlege fordelar knytt til å sikre urørt taredynamikk ved inngangen til Synesvågen naturreservat, eit viktig våtmarksområde omfatta av Ramsar-konvensjonen. Begge alternativa sikrar taeskogane på Giskerevet og grunnområda nord til Erkna, som er vurdert som dei mest representative delane av Giske marine verneområde.

Sjølv om ressursgrunnlaget for tarehausting innanfor Giske marine verneområde blir nær halvert (43-53 %) utgjer det berre 2,9-3,5 % av haustekvantumet i Møre og Romsdal og 0,86-1,05 % nasjonalt.

Verneforslaget er i avgrensing og restriksjonsnivå ut over dette i stor grad i samsvar med føringane frå rådgivande utval, og verneforskrifter for tilsvarande marine verneområde.

Verknader av verneforslaga er summert opp i tabell 6 på neste side.

Tabell 6. Samandrag av verknader av verneforslaget vurdert mot 0-alternativet.

Tema	Alternativ 1*	Alternativ 2*	Kommentar
Naturmiljø	Positive +	Positive	Tryggleik for at naturverdiane ikkje blir utsett for påverknad frå tekniske inngrep og installasjonar, lokal tilførsel av forureining eller annan menneskeskapt påverknad. Delområdet utan taretråling vil utvikle seg til dynamiske klimakssamfunn.
Fiskeri	Positive +	Positive	Verneforslaget vil sikre området mot ulike typar inngrep og tiltak som kan vere til mein for fiskeriinteressene. Tareskogen sin funksjon som leve-, føde- og oppvekstområde for fisk vil bli styrka i delområdet utan taretråling.
Kulturmiljø	Positive +	Positive	Kulturminne på botnen får ei sterkare sikring mot skade som følgje av ulike tekniske inngrep. Skadepotensialet som følgje av taretråling vil bli mindre innanfor sona med taretrålingsforbod.
Friluftsliv	Positive +	Positive	Positivt for fritidsfiske til liks med fiskeri. Større areal med intakte tareskogar gir betre forhold for dykking. Opplevingsverdiane blir opprettheldt.
Tarehausting	Moderat negative	Moderat til små negative	Avhengig av alternativ for sone utan tarehausting vil verneforslaget innebere at årleg haustekvantum av tare blir redusert med 1200-1500 tonn. Dette utgjør 43-53 % av haustekvantumet innanfor verneområdet, 2,9-3,5 % av kvantumet i Møre og Romsdal og 0,86-1,05 % nasjonalt. I Møre og Romsdal aukar samla andel tareskog med forbod mot tarehausting frå 11,2 % i dag til 14,5-15,0 % etter vern.
Akvakultur	Svært små negative	Svært små negative	Området er i praksis lite eigna for akvakultur ut i frå fysiske forhold og konflikt med naturverdiar og konkurrerande arealbruk uavhengig av vern. Akvakultur som ikkje er i konflikt med verneformålet kan få løyve.
Skjelsand/ mineral	Ingen	Ingen	Ingen aktivitet/interesser i dag. Ikkje særskilte ressursar i området.
Reiseliv	Positive +	Positive	Marint vern er positivt for fleire reiselivsprodukt, og sikrar mot etablering av inngrep negative for reiseliv. Tilsvarande gjeld også ev. nye reiselivsinngrep, men i sum er effekten vurdert som positiv.
Energiproduksjon/-forsyning	Ingen	Ingen	Området er vurdert som lite aktuelt for anlegg for energiproduksjon eller -forsyning.
Samferdsel	Ingen eller svært små negative	Ingen eller svært små negative	Konfliktpotensialet for veg er vurdert som svært lavt, og det ligg til rette for nødvendige tilpassingar av verneforslaget. Verneforskrifta er tilpassa behova knytt til eksisterande og nye navigasjonsinstallasjonar og sjøkablar.

* Alternativ 1 og 2 gjeld restriksjonssoner med forbod mot taretråling. Totalavgrensinga av det marine verneområdet er lik for dei to alternativa.

6. Referansar

Alle referansar er tilgjengeleg for nedlasting i Statsforvaltaren sin nettartikkel om høyring av marin verneplan for Giske [Marint vern - Giske | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#). I tillegg til referansane nedanfor er det også vist til ein del dokument som er lett å finne på internett anten gjennom lenka i digitale versjonar av dette høyringsdokumentet, eller ved søk.

1. 1995 – Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge – Tilråding frå rådgivende utvalg - Utredning for DN Nr. 1995-3 (Brattebergutvalget)
2. 2003 – Råd til utforming av marin verneplan for marine beskyttede områder i Norge - Foreløpig tilråding fra Rådgivende utvalg for marin verneplan (Skjoldalutvalget)
3. 2004 - Råd til utforming av marin verneplan for marine beskyttede områder i Norge - Endelig tilråding med forslag til referanseområder (Skjoldal-utvalget)
4. Oppdragsbrev om marint vern frå Klima- og miljødepartementet 18.04.2017 og Miljødirektoratet 20.04.2017
5. Akvaplan-niva - Rapport 2020 62289.01 - Innspill til marin verneplan for området Giske
6. Tilråding frå regional arbeidsgruppe for tarehausting (brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune 23.07.2014)
7. Havforskningsinstituttet 2019 - Vurdering av høstesyklus for stortare i Møre og Romsdal og Trøndelag
8. Fiskeridirektoratet 27.09.2019 - vedtak om ny forskrift om høsting av tare i Møre og Romsdal og Trøndelag med ikrafttredelse 1. oktober 2019

7. Vedlegg

1. Forslag til verneforskrift
2. Forslag til vernekart (to alternativ)
3. Merknadshefte med innkomne merknader ved oppstart

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr

